



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	22.01.2024	24/005

Revidering av Parkeringsforskrift for Tinnhølen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til *Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen* vert lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 2 mnd frå kunngjering.

Rådmann forhandlar med aktuelle grunneigarar og andre for etablering av avtalar som gjer at vilkåra i parkeringsforskrifta kan verte oppfylt.

22.01.2024 - Eidfjord formannskap

Handsaming:

Rådmann Magnus Steigedal orienterte om at denne saka vil erstatta sak 23/132 Evaluering av parkeringsforskrifta sesongen 2023, som var i formannskapet 20.11.2023. Sak 23/132 vil dermed ikkje gå vidare til kommunestyre. Formannskapet var samde i dette.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 24/005 - Vedtak:

Forslag til *Forskrift om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen* vert lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 2 mnd frå kunngjering.

Rådmann forhandlar med aktuelle grunneigarar og andre for etablering av avtalar som gjer at vilkåra i parkeringsforskrifta kan verte oppfylt.

Vedlagt:

Forslag til ny parkeringsforskrift m/vedlegg, oversikt over endringar

Endeleg avgjerd i:

Eidfjord formannskap

Saka gjeld:

Eidfjord kommune innførte sesongen 2023 ein forskrift atferd og parkering frå og med

parkeringa på Tråastølen, langs Tinnhølvegen og til og med parkeringa ved Tinnhølen.

Etter sesongen foretok kommunen ei evaluering av forskrifta som synte at forskrifta har hatt ei positiv effekt.

Me ser at det vil vere teneleg å vidareføre forskrifta, men det er naudsynt å gjere nokon endringar og justeringar.

Dei største endringane er at forbodssona for telting no er justert og at opningstidar for Tinnhølvegen no vert fastsatt i forskrifta. Forbodssone for telting av avgrensa i kart som vedlegg til forskrifta.

Revidering av forskrifta vert gjort ved å innføre ny forskrift og samtidig oppheve den gamle.

Dispensasjonar gjeve etter gjeldande forskrift vil ikkje vere gjeldande lengre ved vedtak av ny forskrift.

Vurdering:

Forskrifta er gjeve med heimel i friluftslova § 15 og lyd som fylgjer:

15.(Regulering av ferdsel på visse friluftsområde)

Til regulering av ferdselen på område hvor utfarten er stor, kan kommunen med samtykke av eieren eller brukeren fastsette atferdsregler som enhver som ferdes på området plikter å følge. Reglene skal særlig ta sikte på å opprettholde ro og orden, verne dyre- og plantelivet og fremme helsetiltak og sanitære forhold.

Parkeringsforskrifta har til intensjon å styre motorisert ferdsel og åtfærd i eit sårbart område med der det er mykje ferdsel. Den skal hindre villcamping og sikre ordna parkeringstilhøve i området og fri passasje for villrein i trekkpassasjane langs Tinnhølvegen. Forskrifta har ikkje til hensikt å få ned tal besøkande og trafikkmengde, dette må gjerast gjennom andre tiltak og/eller virkemidlar. Samtidig er det heller ikkje intensjonen å auke tal besøkande innovar i nasjonalparken, men å styre atferd og ferdsel til dei som nyttar parkeringa på Tråastølen og Tinnhølen, samt ferdes langs Tinnhølvegen,

Parkeringsforskrifta er ein oppfylgging av reguleringsplan for området, *Tinnhølvegen med damområdet*, planid 2009002, vedteke 2017. Forskrifta regulerar ikkje det som vert regulert gjennom andre regelverk, til dømes køyring på barmark.

Forskrifta har nokon endringar og full oversikt er gjeve i vedlagt dokument. Dei største endringane er meri utdjupande kommentert under.

Telforbod

I gjeldande forskrift er det lagt inn forbod mot telting i ei sone på 200 meter frå Tinnhølvegen og 400 meter frå parkeringa på Tinnhølen. Dette er no foreslege å oppheve forbodet mot telting på delar av Tinnhølvegen. Grunneigarane uttrykte under utarbeiding av gjeldande parkeringsforskrift at dei ikkje var positive til slikt telforbod. Forbodet var innført for å forhindre at parkeringane vert ein teltplass. Slik administrasjonen ser det er det en forskjell mellom Tinnhølvegen for øvrig og området i nærleiken av Tinnhølen.

Området i nærleiken av Tinnhølen er under sterkt press. Det er behov for å halde fram med telforbod i dette området. Dette for å unngå camping/glamping i telt som i like stor grad som campingbilar gjer området til ein campingplass.

Teltforbodet er auka i omfang nord og nord-aust for Tinnhølparkeringa. Dette etter å ha fått attendemelding om at teltforbodet førre sesong såg ut til å skape konflikt med fjellrev. Administrasjonen vil ha dialog med relevante mynde om å finne best mogleg løysing på dette i høyringsperioden.

Opningstidar Tinnhølvegen

Kommunen har tidlegare gjeve uttrykk for at opningstider på Tinnhølvegen vil verte regulert på andre måtar og ikkje gjennom forskrifta. Administrasjonen ser det likevel som praktisk å nytte forskrifta til slik regulering. Opningstider for vegen er derfor kome inn som eiga paragraf i forskrifta.

Tinnhølvegen har vore opna 1.juli kvart år, men i nokre tilfelle fredagen før 1.juli. Vegen har også i praksis vorte stengt 1.oktober kvart år ved at den ikkje vert brøyta og at all køyring etter dette skjer på eige ansvar. Kommunen ser behovet for å formalisere desse åpningstidene og regulerar dei no gjennom forskrifta. I tida utanom opningstidene som no er sett er dyrelivet sårbart. Spesielt på i tida før 1. juli da det er yngle- og hekketid, samt kalvingstid for villrein. Det er ikkje ynskjeleg med trafikk på vegen før denne tida. Det må likevel vere mogleg for å kommunen å starte arbeidet med vedlikehaldet av vegen.

Vegen vil verte opna tidlegast 1.juli kvart år, som vil sei at ordninga med opning fredagen før ikkje lengre vil vere aktuelt. Det vil ikkje verte mogleg å køyre på vegen før opningstid, uansett formål. Det må i så fall søkjast om dispensasjon frå forskrifta.

Handheving

Handheving av forskrifta har til no vorte gjort gjennom informasjon. Det vil ta noko tid før forskrifta er godt innarbeidd i området. Det vil likevel vere behov for å handheve forskrifta gjennom bøter og/eller bortvising. Både gjeldande og ny forskrift gjeld parkeringa på Tråastølen, men har nok ikkje vore fulgt opp i like stor grad førre sesong.

Trekksoner for villrein

Administrasjonen vil ha dialog med relevante mynde for å lage ei løysing for stenging i perioder med villrein i nærleiken av trekksonene.

Privatrettslege høve

Forskrift heimla i friluftslova §15 krev samtykke frå grunneigar. Dette vart innhenta der det var naudsynt før gjeldande forskrift vart satt i kraft. Når forskrifta no vert revidert er det behov for å hente inn samtykker på nytt. Dette gjeld fylgjande partar:

- Statskog som eigar av den del av Tinnhølvegen som ligg på Statskog sin eigedom.
- Statskog som grunneigar på areal der det er sett teltforbod.
- Trondsbu turisthytte som grunneigar og næringsdrivar på areal der det er sett teltforbod.

Magnus Steigedal
rådmann

Friis, Rebecka
sakshandsamar

Rett utskrift:

